

## BREIDABLİK

## Årsmøteprotokoll

08.05.2018

Det vart halde årsmøte i "Foreininga for Landsbyhuset Breidablik" tysdag 08.05.2018 kl. 20:00.  
Møtet vart halde i Landsbyhuset Breidablik.

**Sak 01/18 : Val av ordstyrar**

Harald Sætre (styreleiar) vart samrøystes valt som ordstyrar.

**Sak 02/18 : Godkjenning av innkalling**

Årsmøtet vedtok samrøystes godkjenning av innkalling. Det var ikkje merknadar.

**Sak 03/18 : Val av ein person, i tillegg til ordstyrar, for underskriving av protokoll**

Karl Bjarne Sandvik vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

**Sak 04/18 : Oppteljing av medlemar og antal stemmer på årsmøtet**

Det var 6 stk. medlemar tilstades og desse representerte 6 røyster.

**Sak 05/18 : Årsmelding og årsrekneskap 2017**

- Årsmeldinga for 2017 vart lagt fram av styret og opplesen av ordstyraren.

Årsmøtet vedtok samrøystes årsmeldinga for 2017. Det var ikkje merknadar.

- Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2017 vart opplest.


Årsmøtet vedtok samrøystes årsrekneskapen for 2017. Det var ikkje merknadar.

Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitande.

**Sak 06/18 : Budsjett og andre økonomiske disposisjonar for 2018**

- Styret la fram budsjett for 2018, og orienterte om naudsynte gjeremål og planar.

Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet og tok orienteringa til vitande.



Handwritten signature in blue ink, possibly reading 'KBS'.

**Sak 07/18 : Festepunktavtale for eigedom – Sande kommune**

- Styret orienterte årsmøtet om grunnlag for og søknad om etablering av festepunktavtale.
  - Festepunktavtale er pr. 19.04.2017 etablert mellom Sande kommune og Landsbyhuset Breidablik; Gnr. 87, Br.nr. 24, Festenr. 1.
  - Festepunktavtalen er regulert i kontrakt og omfattar heile arealet Landsbyhuset Breidablik er tufta på, med tillegg for areal til ev.påbygg.
  - Festepunktavtalen er tinglyst pr. 27.04.2017
- Årsmøtet tok orienteringa til vitande.

**Sak 08/18 : Etablering av pantelån**

- Styret orienterte årsmøtet om grunnlag for, vedtak på årsmøtet den 16.02.2017 og søknad til Sparebanken Møre om etablering av pantelån.
  - Pantelån, stort kr. 1 850 993, er etablert i Sparebanken Møre pr. 27.04.2017.
  - Det er tinglyst pant i fast eigedom (kr. 2 mill.) og i driftstilbehør (kr. 1 mill.).
- Årsmøtet tok orienteringa til vitande.

**Sak 09/18 : Val av styremedlemar, styreleiar og kasserar/økonomiansvarleg**


Toril Urkedal (økonomi/utleige), Bjarte Rovde (dugnad/vedlikeh.) og Lisa Iversen (kjøken/utstyr/arr.) er på val. Desse har utgjort valnemda for 2018.

- Valnemda har kome med fylgjande forslag til val, og styret innstiller slik: Attval: Toril Urkedal (økonomi/utleige), Bjarte Rovde (dugnad/vedlikeh.) og Lisa Iversen (kjøken/utstyr/arr.)
- Stine Brune Lillebo har bede om fritak frå styrevervet. I hennar stad innstiller styret på val av Marta Elise Hagen Baade for 1 år.

Årsmøtet vedtok samrøystes innstillinga.

Styret for 2018 (fram til neste årsmøte) vert dermed samansett slik :

Styreleiar :	Harald Sætre	1 år
Økonomiansvarleg :	Toril Urkedal	2 år
Styremedlem :	Marta Elise Hagen Baade	1 år



*HB*  
*K.B.S.*

# BREIDOBLIK

---

Styremedlem :	Bjarte Rovde	2 år
Styremedlem :	Steinar Skoge	1 år
Styremedlem :	Lisa Iversen	2 år

**Sak 10/18 : Val av valnemd for 2018**

- Styret innstiller på at dei utgåande medlemmane i styret på årsmøtet i 2018 utgjer ny valnemd : Harald Sætre, Steinar Skoge, Marta Elise Hagen Baade. Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til valnemd for 2018.

**Sak 11/18 : Val av revisor**

- Styret innstiller på at attval av Jarle Gunnarstein som revisor. Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til revisor.

**Sak 12/18 : Orientering om oppussing og tilbygg**

Styret orienterte om fullført oppussing/akustiske tiltak og litt om ev tilbygg:


- Utført dugnad og kostnad med oppussinga/akustiske tiltak er utført heilt etter plan og budsjett. Stor innsats frå styret, einskildpersonar og bygdafolk.
- Rammeløyve frå Sande kommune for tilbygg ligg føre. Styret vil vurdere å sete i verk grunnarbeid på arealet det ev. skal byggast på. Alternativ for oppstart: sommaren 2018 el. sommaren 2019.
- Før oppstart med gr.arbeid må det utgr. om tiltaket kvalifiserar til Tippemidlar.

Årsmøtet tok orienteringa til vitande og gir styret naudsynte fullmakter.

Årsmøtet vart avslutta kl. 22:00.



ordstyrar



medunderskrift

